



HANDBALL-
GRUPPA

Å R S M E L D I N G

FOR

H A N D B A L L G R U P P A,

B. I. L.

1 9 8 1 - 8 2

ÅRSMELDING 1981/82 FOR HANDBALLGRUPPA, BIL.

Styret har i perioden hatt slik samansetning:

Ove Vinge, formann

Gunnar Kjelstadli, nestformann

Bjarne Dypvik, kasserar

Jermun Skjelsvik, sekretær

Elise Igesund, styremedlem

Gunn Igesund, styremedlem

Otto Myklebust, varamedlem

Bjarne Dypvik reiste frå Herøy i juni 1982.

Styret har hatt 7 møter i perioden.

I sesongen 1981/82 hadde handballgruppa 8 lag i 7 klasser i serien.

For sesongen 1982/83 vart det påmelt 11 lag i 8 klasser.

På grunn av trenermangel måtte 1 lag P 14 trekkast ut av serien. Bergsøy er dermed vorte den største handballklubb i serien. Laget bør difor satse på å utdanne fleire trenarar og dommarar. Kretsstyret forlanger 1 dommar pr. lag + 1 for at reglane skal fylgjast.

I 1981 vart det skipa eit foreldrelag for handballgruppa.

Når ein ser attende på arrangement som Herøymessa, 17. mai og Bergsøy-cupen, må ein gi honnør til alle dei foreldra og idrettsinteresserte som så heilhjarta ytte stor innsats.

Styret i handballgruppa bør difor fylgje opp slik at foreldrelaget fungerer endå betre på organisasjonsplan.

Siste sesong har vore god, og laget har i dag ein sunn økonomi. Hovedinntektene kjem frå mannequinframsyningar, dans, og i år 17. mai arrangement, samt kafesal under Herøymessa 1982. Styret har bevisst forsøkt å finne fram til nye inntektskjelder.

Styret ville arrangere Bergsøy -cup 1982 for aldersbestemte klasser. Denne måtte også i år avlysast grunna manglande deltakarar.

Bergsøy-cup 82 for voksne lag vart arrangert hausten 1982 (3.4.5. sept.) for femte gong på rad. 14 lag deltok, og fleire lag måtte avvisast på grunn av tidsnaud. Stranda vann cupen både for damer og menn.

Sunnmøre handballkrets har avvikla kurs for trenarar og lagledarar i Herøyhallen hausten 1981. Bergsøy hadde 8 deltakarar. Elles deltok medlemmar frå Hødd, Hasundgot og Larsnes.

Dommarkurs er også avvikla og Bergsøy har delteke med 9 personar. På grunn av alder er 3 personar ikkje godkjent.

Styret har som mål at alle lag som trener skal ha høve til å ta del i cuparrangement i tillegg til serien. Vi håper det nye styret vil ha same mål.

OVERSIKT OVER DEI EINSKILDE LAGA I GRUPPA FOR SESONGEN 1981/1982

Det var med 8 lag i serien, J 11 A+B, J 13, J 15, G 12, G 14, D 4 og H 4.

J 11 A+B: Trenar Ruth Frøystad/Gerd Leikanger Tabell avd. A

Mauseidvåg A	14	13	0	1	226 - 49 - 26
Spjelkavik	14	11	1	2	163 - 55 - 23
Mauseidvåg B	14	9	2	3	128 - 53 - 20
Bergsøy A	14	9	1	4	150 - 71 - 19
Bergsøy B	14	6	0	8	93 -104 - 12
Langevåg	14	3	1	10	46 -168 - 7
Larsnes	14	2	0	12	63 -163 - 4
Fiskerstrand	14	0	1	13	30 -236 - 1

J 13: Trenar Berit Teige Tabell avd. A

Hødd	12	10	1	1	149 - 81 - 21
Spjelkavik A	12	10	0	2	143 - 85 - 20
Bergsøy	12	9	0	3	121 - 79 - 18
Blindheim	12	5	1	6	110 -113 - 11
Brattvåg	12	4	0	8	90 -131 - 8
Spjelkavik B	12	3	0	9	82 -133 - 6
Norborg	12	0	0	12	61 -134 - 0

J 15: Trenar Otto Myklebust
Tabell avd. A

Spjelkavik A	12	12	0	0	246 - 75 - 24
Hødd	12	9	1	2	157 - 81 - 19
Mauseidvåg	12	7	1	4	138 -108 - 15
Blindheim	12	6	1	6	119 -107 - 13
Spjelkavik B	12	4	1	7	102 -117 - 9
Bergsøy	12	1	1	10	61 -171 - 3
Larsnes	12	0	1	10	36 -200 - 1

G 12: Trenar Bjarte Reite
Tabell

Stranda	12	10	2	0	127 - 39 - 22
Spjelkavik	12	9	1	2	137 - 46 - 19
Bergsøy	12	6	1	5	100 - 66 - 13
Valder	12	2	0	10	45 -125 - 4
Rollom	12	1	0	11	27 -160 - 2

G 14: Trenar Ove Vinge
Tabell

Stranda	14	14	0	0	279 - 110 - 28
Spjelkavik	14	12	0	2	208 - 109 - 24
Bergsøy	14	7	1	6	142 - 165 - 15
Ringem	14	7	0	7	174 - 152 - 14
Brattvåg	14	5	2	7	142 - 161 - 12
Rollon	14	4	2	8	154 - 179 - 9
Herd	14	4	1	9	102 - 128 - 9
Valder	14	0	0	14	71 - 267 - 0

Damer D 4: Trenar Gunn Igesund
Tabell 4. div.

Hødd	18	17	0	1	469 - 238 - 34
Mauseidvåg	18	17	0	1	426 - 214 - 34
Elnesvågen	18	14	0	4	367 - 268 - 28
Braatt	18	8	3	7	281 - 277 - 19
Skarbøvik	18	8	2	8	276 - 296 - 18
Hovdebygda	18	8	1	9	296 - 317 - 17
Rollon	18	6	2	10	258 - 322 - 14
Bergsøy	18	5	1	12	220 - 321 - 11
Clausenengen	18	2	1	15	258 - 394 - 5
Fiskarstrand	18	0	0	18	143 - 394 - 0

Bergsøy gikk altså ned til 5. divisjon.

Herre H 4: Trener
Tabell 4. div.

Stranda	18	18	0	0	516 - 320 - 36
Spjelkavik	18	14	0	4	485 - 402 - 28
Brattvåg	18	12	1	5	525 - 407 - 25
Åndalsnes	18	10	2	6	434 - 345 - 22
Træff	18	9	2	7	483 - 443 - 20
Volda	18	10	0	8	448 - 413 - 20
Rollon	18	7	2	9	405 - 412 - 16
Isfjorden	18	2	1	15	313 - 493 - 5
Bergsøy	18	2	0	16	313 - 493 - 4
Kristiansund	18	2	0	16	356 - 546 - 4

Bergsøy er fortsatt i 4. divisjon. Stranda rykte opp og Herd som gikk ned frå 3. til 4. div. trekte seg frå divisjonen.


Styret i handballgruppa for 1981/82 vil med dette takke alle spelarar, trenarar, foreldrelag og andre som har hjelpt til, for innsatsen denne sesongen.

Styret vil også takke Herøy kommune og skulane for den velvilje som er vist med hensyn til lokale etc.

Vi ynskjer det nye styret i handballgruppa lykke til med det vidare arbeid.

Eggesbønes, den 10. november 1982


Ove Vinge
formann


Jermun Skjelsvik
sekretær